

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 03. september 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Annbjørgr Gravdal Larson	BankID OIDC	2025-09-04 14:52:30
Gudbjørg Bjerkreim	BankID OIDC	2025-09-04 11:26:53



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 03.09.2025, 19:30

Stad: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2025-21

Til stades: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Vegard Mong (Medlem), Aslaug Marie Undheim (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Astrid Apalset Vassbø

Kari Tove hadde opning. Utanom sakskartet hadde rådet ei runde ang. kva som er viktig denne hausten og framover. Då vart besøkstenesta til diakoniutvalet nemnt, det same vart verdien av variert musikk under gudstenestene. Møtet vart avslutta kl 21.10.

Sakslista

Faste Saker

039/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 11. juni 2025

040/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

041/25 FR - Tiltak for Bjerkreim sokn 2026, søknad til kommunen

042/25 FR - Status, namna minnelund

043/25 SR - Julekonsertar med Garness, Ølberg, kulturskulen og den tradisjonelle

044/25 SR - Småsaker å ta stilling til

Orienteringssaker

00007 SR - Referat møte i utval for kyrkjeleg undervisning og opplæring 25. aug. 25.

00008 SR - Referat møte diakoniutvalet 18. aug. 25

Gudbjørg Bjerkreim
leiar

Annbjørg Gravdal Larson
Nestleiar

039/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 11. juni 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	039/25

Forslag til vedtak

Protokollen frå 11. juni 2025 er godkjent.

Møtebehandling

Det vart kommentert at i oversikta over oppmøtte står det markert kven som er varamedlemmer sjølv om dei har møtt som vanleg medlem ved forfall. I dataprogrammet som vert brukt til å lage sakspapir kan ikkje dette endrast, men det kan skrivast inn ein kommentar om at varamedlem sånn og sånn møtte som medlem med stemmerett pga forfall av den og den.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Protokollen frå 11. juni 2025 er godkjent.

040/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	040/25

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling

I innkallingane framover skal det presiserast kven av varamedlemmene som skal møte og kven som evt vert kalla inn ved forfall. Papira vert automatisk sendt ut til alle varamedlemmer, så ei slik presisering gjer det lettare for varamedlemmer å vite om det vert rekna med at ein møter eller ikkje.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

041/25 FR - Tiltak for Bjerkreim sokn 2026, søknad til kommunen

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	041/25

Forslag til vedtak

Oversendt brev til kommunen med søknad om desse tiltaka vert tatt til orientering:

1. Vidare stønad til diakonstilling
2. Oppfølging av tilstandsrapporten for kyrkjene

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Oversendt brev til kommunen med søknad om desse tiltaka vert tatt til orientering:

1. Vidare stønad til diakonstilling
2. Oppfølging av tilstandsrapporten for kyrkjene

042/25 FR - Status, namna minnelund

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	042/25

Forslag til vedtak

Orienteringa om status for namna minnelund på Bjerkreim kyrkjegard vert tatt til orientering. Arbeidet med å skrive vedtekter for bruk av namna minnelund vert starta.

Møtebehandling

Etter at sakspapira har blitt sendt ut har Bjerkreim sokn mottatt foreløpig tilbakemelding frå statsforvaltaren i Vestfold og Telemark på søknad om godkjenning av minnelund. Brevet er ein kombinasjon av krav og gode råd:

1. Vi bør ha ei ordning for blomstervasar ved minnelunden
2. Hola til minneplatene bør borrhast med ein gong slik at ein er sikre på at det vert beint, i vater og lodd
3. Nokre av benkane bør ha armlene
4. Gravplassvedtekter for minnelund må vere på plass og vedtatt før minnelunden vert tatt i bruk
5. Gravkartet skal vere digitalt
6. Planteikninga må justerast, evt beskrivast kor mange namneplater ein ser føre seg.
7. Teikningane må oppdaterast evt. må det beskrivast korleis ei utviding av gravplassen vert i etterkant av etablering av minnelund

Vedtak

Orienteringa om status for namna minnelund på Bjerkreim kyrkjegard vert tatt til orientering. Krava til godkjenning av søknaden vert følgt opp mellom anna ved å lage vedtekter for bruk av namna minnelund og å justere plankartet.

043/25 SR - Julekonsertar med Garness, Ølberg, kulturskulen og den tradisjonelle

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	043/25

Forslag til vedtak

Orienteringa ang. dei ulike julekonsertane vert tatt til orientering.

Møtebehandling

Promotering Garness-konsert:

- Dei har trykt opp plakatar. Vi ber om å få tilsendt slik at vi kan henge opp etter kvart.
- Dersom Garness har laga FB-arrangement bør dette delast på soknet sine sider og det må stå om konserten på nettsidene våre

Soknet skal stille med brannvakter. Det er enno langt fram, men Jan Tore og Kristoffer kan vere aktuelle.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Orienteringa ang. dei ulike julekonsertane vert tatt til orientering.

044/25 SR - Små saker å ta stilling til

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.09.2025	044/25

Forslag til vedtak

1. Det vert ikkje bestilt inn julekuler med Bjerkreim kyrkje som motiv.
2. Dei som ynskjer å sjå film og høyre meir ang. Hans Nielsen Hauge sitt arbeid i området her er velkomne til å delta på arrangementet i Egersund 18. sept. kl 18.30.
3. Status rekkverk i Bjerkreim kyrkje vert tatt til orientering.

Møtebehandling

Det kom opp fleire små saker i møtet:

4. Nyttårgudstenesta 31. desember: Svein Gunnar Sakseid vert spurt om han kan vere lek gudstenesteleiar i år òg.
5. Dåpsgudstenester. Spørsmål ang. bakgrunnen for dette. Per Børge svarte på kvifor og når dette vart sett opp som alternativ til dåp i ordinære gudstenester.
6. Misjonsprosjektet: Misjionsgudsteneste og -tivol
Det kom inn 20 144 kr til misjonsprosjektet søndag 24. august. I etterkant av gudstenesta vart det arrangert misjonstivoli med kast av ball på boks og svamp på prest i tillegg til sal av kaker/bollar. Misjonsutvalet ynskjer innspel til korleis soknet kan promotere misjonsprosjektet både ein slik dag og elles. Saka vert tatt opp på eit seinare møte i soknerådet.
7. Salmekveld
I sommar hadde Sander Slettebø Grøsfjell og Geir Arne Bjerkreim ein salmekveld/konsert i etterkant av ei kveldsgudsteneste. Dette vart ei god stund der ein kunne synge kjende salmar ilag.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Det vert ikkje bestilt inn julekuler med Bjerkreim kyrkje som motiv.
2. Dei som ynskjer å sjå film og høyre meir ang. Hans Nielsen Hauge sitt arbeid i området her er velkomne til å delta på arrangementet i Egersund 18. sept. kl 18.30. Soknet er med å gjere arrangementet kjent gjennom å henge opp plakatar og ha ei Facebook-oppdatering ang. dette.
3. Status rekkverk i Bjerkreim kyrkje vert tatt til orientering.
4. Svein Gunnar Sakseid vert spurt om han kan tenke seg å vere lek gudstenesteleiar på nyttårgudstenesta i år òg.
5. Det vert informert om dåpsgudstenesta og bedt for dåpsbarna når det er ordinær gudsteneste same dag/evt same helg.
6. Soknerådet får ei sak i haust/komande vår der promotering av misjonsprosjektet er tema.
7. Ein salmekveld eller annan samankomst der ein kan synge kjende salmar ilag kan gjerne arrangerast igjen.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2025	00007

00007 SR - Referat møte i utval for kyrkjeleg undervisning og opplæring 25. aug. 25.

Informasjon

Utvalet for kyrkjeleg undervisning og opplæring hadde møte 25. august. Sjå vedlagt protokoll.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2025	00008

00008 SR - Referat møte diakoniutvalet 18. aug. 25

Informasjon

Referat frå møtet i diakoniutvalet 18. august.

Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 03. september 2025

Navn

Gudbjørg Bjerkreim

Dato

2025-09-04

Navn

Annbjørg Gravdal Larson

Dato

2025-09-04

Identifikasjon



Gudbjørg Bjerkreim

Identifikasjon



Annbjørg Gravdal Larson



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))